



**Vestlandsforskning**

Boks 163, 6851 Sogndal  
Tlf. 57 67 61 50 Fax 57 67 61 90

Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

# Årsmelding 2005



*Bergsetbreen, Jostedalen*

## VESTLANDSFORSKING

### Mål

Vestlandsforskning skal medverke til utvikling og fornying i offentlig sektor og i næringslivet, gjennom å levere relevante kunnskapsbidrag av høy kvalitet. Arbeidet skal bidra til auka innsikt, omstillingsevne og nytenking - både i politikktutforming, forvaltning, næringsutvikling og verdiskaping.

### Oppdrag

Vestlandsforskning utfører forskning, utviklingsarbeid og utgreiingar på oppdrag for offentlig sektor, næringsliv og forskingsråd. Oppdraga omfattar både regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt. Vestlandsforskning har lang erfaring med deltaking og leiing av store nasjonale og internasjonale prosjekt.

### Organisasjon

Vestlandsforskning er eit frittståande forskingsinstitutt etablert i 1985, organisert som stifting og med eige styre. Instituttet inngår i det nasjonale forskningssystemet som del av instituttsektoren og har ca. 25 medarbeidarar. Det er etablert nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

### Forskarane

Forskarane ved instituttet er organisert i to faggrupper, IT og miljø. Begge forskargruppene har fleirfagleg samansetting med tyngda i tekniske- og økonomiske fag. Men også fag som historie, samfunnsvitskap, realfag, landbruksfag og informatikk er representerte. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av gruppene anten det gjeld praktisk retta prosjekt eller meir teoretiske arbeid.

## FORSKINGSOMRÅDA

### Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

- e-handel i små og mellomstore bedrifter
- open forvaltning - IKT og omstilling i offentlig sektor
- infrastruktur, nettverksutvikling og nye kommunikasjonsløyser

### Miljø

- transport og miljø, alternativ energi
- miljøutfordringar i distriktsnæringane
- LA21 og kommunal miljøpolitikk
- klimasårbarheit og klimatilpassing
- natur- og kulturbasert reiselivsutvikling - geoturisme

### Regional utvikling - omstilling og nyskaping

- økonomisk analyse
- samhandling på tvers av sektorar og styringsnivå
- endringsprosessar i privat og offentlig sektor
- kompetansemekling

**Euro Info Centre Vest** er eitt av fem EU-informasjonscenter i Norge

- informasjon og rådgjeving til næringslivet om EU og EØS-avtalen
- norsk distributør av mellom anna EU-kommisjonen sine databasar

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal

Telefon 57676150 Fax: 57676190

E-post: [info@vestforsk.no](mailto:info@vestforsk.no) - Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

## INSTITUTTET

### Oppdrag

60 prosjekt var under arbeid i 2005. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik (i tusen kroner):

Prosjekt storleik	Tal prosjekt	Del av omsetninga
0 – 100	18 prosjekt	6%
100-500	25 prosjekt	27%
501-2000	13 prosjekt	33%
Over 2000	4 prosjekt	34%

Fleire av prosjekta går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

### Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2005 var på ca. 15,2 mill. kroner. Grunnløyving frå forskingsrådet utgjorde 10% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 5%, medan 85% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde:

	2005	2004	2003	2002
EU/Utland	16%	19%	11%	13%
Forskingsråd	31%	23%	17%	14%
Kommune/fk.kom.	19%	14%	25%	18%
Statsforvaltninga	13%	20%	26%	28%
Næringsliv og org.	21%	24%	21%	27%

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. Både EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

### Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 24 av prosjekta ved instituttet i 2005. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til dei største verksemdene i landet.

I 17 av prosjekta under arbeid i 2005 var kommunar frå alle kantar av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvingkommune.

### Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet vart ytterlegare styrka i 2005 både gjennom prosjekt, rådgjeving og anna kunnskapssamarbeid. Fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, kommunane, næringslivet, organisasjonar og Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktige samarbeidspartar i mange større prosjekt. Verdiskaping 2010 er eitt av desse, der partane i arbeidslivet saman med forvaltning og verkemiddelapparat samarbeider om innovasjons- og nyskapingssprosjekt i bedrifter. Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor regionale oppdragsgjevarar.

### Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning har vektlagt internasjonalt arbeid. 11 av prosjekta i 2005 er prosjekt i samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Forskarar frå instituttet held 14 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 10 land.

### Publisering, formidling og informasjon

Forskarane har i 2005 bidrege med 5 artiklar i internasjonale tidsskrift med referee-ordning. Det vart gitt ut 8 VF-rapportar og 17 notat ved instituttet. Forskarane held til saman 69 foredrag, inkl. framlagde paper og foredrag utgitt i konferanserapportar. Dei har bidrege med 6 artiklar i bøker og tidsskrift. Vestlandsforskning har vore arrangør/medarrangør av 6 konferansar/seminar i 2005. Alle VF-publikasjonar ligg også på instituttet sine vevsider. I nokre høve nyttar instituttet berre nettpublisering, ikkje papirutgåver i det heile. Fleire av prosjekta har eigne nettstader der informasjon om kva som skjer blir lagt ut.

### Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført ca. 20 årsverk ved instituttet i 2005. Ved utgangen av året hadde instituttet 24 tilsette.


Det er gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. I samband med at Vestlandsforskning feira 20 årsjubileum vart det arrangert ein seminarserie med ulike tema; IT-sikkerheit, LA 21 i Norge, Aksjonsforskning, Framtidas internett, Organisering av reiselivet og Teoretiske og metodiske utfordringar.

Førsteamanuensis dr.scient. Arild Jansen, Universitetet i Oslo, var i 2005 knytt til instituttet i bistilling for å gi fagleg rettleiing. Ved utgangen av 2005 var det fire forskarar ved instituttet med doktorgrad. To er i gang med doktorgradsarbeid.

Vestlandsforskning ønskjer å legge til rette for at hovudfagsstudentar kan ha arbeidsplass ved instituttet.

### Finansiering/oppdragsgjevarar

I 2005 utgjorde instituttet si grunnløyving frå stat og fylkeskommune om lag 15% av inntektene, medan 85% var oppdragsinntekter. Oppdragsgjevarane fordelte seg slik etter brukt prosjektløyving:



## STYRE OG LEIING

### Styret

Liv Signe Navarsete, Sogn og Fj.  
fylkeskommune, leiar til 01.11.05  
Knut M. Olsen, Sogn og Fj.  
fylkeskommune, leiar frå 01.11.05  
Ester Belsvik, BB-gruppen, nestleiar  
Inger Elise Birkeland, Pricewaterhouse  
Coopers  
William Lafferty, Prosus, til 01.10.05  
Jan Heggheim, Dooria AS, frå 01.10.05  
Tor Steig, NHO  
Inger Johanne Sundby, Statskonsult  
Eivind Brendehaug, Vestlandsforskning

### Varamedlemer

Åshild Kjelsnes, Sogn og Fj.  
fylkeskommune  
Reidar Sandal, Stortinget  
Per Ole Johansen, RBL  
Trude Brosvik, Sogn og Fj.  
Fylkeskommune, frå 01.10.05  
Erlend Fagermoen, Sogn og Fj.  
fylkeskommune  
Nina Andresen, Falch AS  
Håvard Myrvang, Vestlandsforskning

### Dagleg leiing

Direktør Marit O. Mauritzen til 01.08.05  
Direktør Agnes Landstad frå 01.08.05  
Kontorleiar Bjørg Haukereid

### Miljøgruppa

Gruppeleiar Carlo Aall  
Forskingsleiar Karl G. Høyer til 01.10.05

### IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte  
Gruppeleiar Svein Ølnes

## PERSONALE

Otto Andersen, PH.D. forskar II  
Eivind Brendehaug, cand.agric., forskar III  
Heather Broomfield, BA, forskar III,  
Thor Andre Fløtre, cand.agric., forskar III - perm.  
frå 01.05.05  
Kyrre Groven, cand.philol, forskar III  
Ivar Petter Grøtte, cand.scient., forskingsleiar  
Oluf Haugen, MIT, systemkonsulent  
Bjørg Haukereid, kontorleiar  
Erling Holden, dr.ing., forskar II – permisjon frå  
01.08.05  
Nils Arne Hove, systemutviklar  
Karl Georg Høyer, Ph.d., forskingsleiar til 01.10.05  
Arild Jansen, dr.scient. 10% bistilling  
Marius Knagenhjelm, forskingsassistent, frå  
06.10.05  
Siri Kvammen, sekretær  
Øyvind Heimset Larsen, siv.ing., forskar III  
Gard Lindseth, cand.polit., stipendiat,  
Marit Orheim Mauritzen, direktør til 01.08.05  
Håvard Myrvang, IT-ansvarleg  
Hogne Lerøy Sataøen, trainee, frå 01.09.05  
Ingjerd Skogseid, MSc, forskar III  
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonssekretær  
Geir Strand, Master i samf.planlegging, forskar III  
Jan Erik Weinbach, trainee, frå 01.09.05  
Svein Ølnes, cand.agric., forskar III  
Terje Aaberge, Dr.ès sc., forskar II  
Carlo Aall, Ph.D. forskar II

## Årsmelding 2005 - Vestlandsforskning

### RESULTATREKNESKAP

DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2005	2004
Driftsinntekter	<u>15.166.960</u>	<u>15.623.600</u>
Prosjektkostnader	2.850.964	3.866.889
Lønnskostnader m.m. (note)	9.884.054	9.343.042
Andre driftskostnader (note)	<u>1.991.188</u>	<u>2.045.935</u>
Driftskostnader	<u>14.726.205</u>	<u>15.255.867</u>
Driftsresultat	<u>440.755</u>	<u>367.733</u>
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Resultat av finansposter	<u>2.540</u>	<u>-179.031</u>
ÅRSRESULTAT	<u>443.294</u>	<u>188.702</u>
BALANSE		
EIGENDELER		
Anleggsmidler	<u>10.000</u>	<u>10.000</u>
Omløpsmidlar		
Prosjekt under arbeid	<u>2.335.378</u>	<u>2.492.912</u>
Fordringer	<u>3.431.086</u>	<u>5.574.218</u>
Bankinnskott, kontanter og lignende	<u>8.086.887</u>	<u>5.574.297</u>
Omløpsmidlar	<u>13.853.351</u>	<u>13.641.426</u>
SUM EIGENDELER	<u>13.863.351</u>	<u>13.651.426</u>
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital		
Grunnfond	4.000.000	4.000.000
Annan egenkapital	<u>839.703</u>	<u>396.409</u>
Sum egenkapital	<u>4.839.703</u>	<u>4.396.409</u>
Gjeld		
Langsiktig gjeld	<u>1.357.398</u>	<u>1.802.088</u>
Kortsiktig gjeld	<u>7.666.249</u>	<u>7.452.929</u>
<b>Sum gjeld</b>	<u>9.023.647</u>	<u>9.255.017</u>
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	<u>13.863.351</u>	<u>13.651.426</u>

### Note til lønnskostnader

Lønnskostnader	2005	2004
Lønn	8.747.213	8.340.657
Folketrygdavgift	1.066.259	942.113
Andre ytelser	70.582	60.272
Sum	9.884.054	9.343.042

Tal årsverk 20 21

Ytingar til leiande personar

Lønn direktør 01.01.04 – 31.08.05 kr 302.235 Lønn direktør 01.09.05 – 31.12.05 kr 225.000

Kostnadsførte revisjonshonorar for 2005 utgjer kr 49.820, av dette utgjer andre tenester kr 10.000,-

### STYRET SI VURDERING

Det er eit sterkt og framtidsretta forskingsinstitutt som i 2005 har feira 20-årsjubileum. Innan begge dei utvalde forskingsområda IKT og miljø, held arbeidet ved Vestlandsforskning høg kvalitet. Instituttet har høg del internasjonale prosjekt, og styret ser det som viktig å oppretthalde dette i framtida. Styret er nøgd med at vi har fem forskarar med doktorgrad medan to planlegg å avslutte sitt doktorgradsarbeid i 2006.

Dei økonomiske rammevilkåra er framleis utfordrande, men nøktern budsjettering, god budsjett disiplin og høg aktivitet 2.halvår gir rekneskap i overskot i 2005. Resultatet i 2005 syner at Vestlandsforskning har eit godt grunnlag for å vere ein fagleg og økonomisk solid institusjon. Det at så mykje som 83% av aktiviteten ved instituttet er finansiert ved eksterne oppdrag set store krav til forskarane si evne til akkvisisjon.

Styret er godt nøgd med arbeidet på instituttet i 2005. Arbeidet held høg kvalitet og gruppene samhandlar godt med omgjevnaden, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er eit mål å rekruttere fleire kvinner i forskarstillingar ved instituttet. Vestlandsforskning har stabilt lågt sjukefråver på 4,5-5,0 %. Arbeidsmiljøet er stabilt og godt. Planlagde ombyggingar i 2006 vil medføre mellombels belastning, men vil medverke til betre fysisk arbeidsmiljø. Verksemda ved stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet dersom vi ser bort frå reiseaktiviteten.

Tre pågåande langsiktige prosessar vil påverke instituttet si utvikling dei komande åra:

- Styret og administrasjonen har siste to åra arbeidd for å få på plass ei nasjonal satsing på forskning for og om kvalitetsturisme. I løpet av 2006 vil det bli avgjort om vi lukkast i å etablere eit strategisk utviklingsprogram som mellom anna vil utvikle ny kunnskap om turisme i og omkring verneområda våre. Nasjonal profilering på "geoturisme" og regjeringserklæringa til ny fleirtalsregjering kan legge til rette for realisering i 2006.
- Ei arbeidsgruppe leia av tidlegare direktør ved Vestlandsforskning, Jan Per Styve, har vurdert ulike modellar for samordning av forskingsaktiviteten ved Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Styret for Vestlandsforskning og styret for Høgskulen i Sogn og Fjordane har vedteke at forskingsmiljøa i dei to institusjonane skal samarbeide om utvikling av fagstrategiske satsingsområde der det samla miljøet har nasjonale og internasjonale fortrinn. Styra har prioritert samorganisering av forskning og forskingsbasert undervisning på reiseliv og på fagretta IKT som dei fagområda ein vil starte med. Ein tek sikte på etablering av ein felles forskingsorganisasjon frå 1.1.2007. Grad av samordning i ressursprioritering og strategisk utvikling i 2006 vert ein prøvestein på det nye samarbeidet.
- Dåverande Regjering la våren 2005 fram stortingsmelding om forskingspolitikken, der ein mellom anna slo fast at dei regionale institutta skal ha ein sentral plass i det nasjonale systemet av forskingsinstitusjonar. Dei økonomiske rammevilkåra, som har hatt lita utvikling dei seinare åra, vart også lova forbedring i forskingsmeldinga. I oppfølging av forskingsmeldinga ventar vi at den raud-grøne regjeringa vil styrke heller enn dempe rollen til dei regionale institutta. Harmonisering av dei økonomiske rammevilkåra slik at grunnløyvingsandelen frå Norges Forskningsråd til dei regionale institutta samanlikna med andre forskingsinstitutt er på sikt kritisk for fagutvikling i institutta og for konkurranse- og samarbeidssituasjonen mellom institutta.

I 2006 vil det slik vere viktige strategiske val som skal gjerast, både frå nasjonale styresmakter og i vårt eige styre.

Etter 20 år er Vestlandsforskning eit etablert institutt som samhandlar godt med offentlege etatar og privat næringsliv i regionen. Dersom instituttet skal vidareutvikle den lokale utviklingsrolla og samstundes oppretthalde kvalitet i forskinga krev det at grunnløyvinga bør aukast, i det minste til same nivå som andre samfunnsfaglege institutt.

Knut Magnus Olsen  
styreleiar

Ester Belsvik

Tor Steig

Berit Bringedal

Inger Johanne Sundby

Jan D. Heggheim

Kyrre Groven

### FRÅ AKTIVITETEN I 2005

#### Breitt internasjonalt samarbeid om IT-prosjekt

Vestlandsforskning har eit betydeleg engasjement i internasjonalt prosjektarbeid. I 2005 har instituttet hatt stor aktivitet i fleire av EU sine programsatsingar.

Vestlandsforskning er prosjektleiar i *GeoShare*-prosjektet i Interreg IIIB Nordsjøprogrammet. *GeoShare* er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane, City of Edinburgh, Hansestadt Bremen og Province of Groningen. Prosjektet arbeider med avanserte IKT-tenester med særleg vekt på digitale karttenester for arealforvaltning, tilgjengeleggjing av natur- og kulturarv og visualisering av regional arbeidsmarknads- og utdanningsstatistikk. Prosjektet har vist korleis regionar rundt Nordsjøen kan samarbeide om utvikling av nye løysingar for datafangst, felles metadata og utvikling av brukartenester frå offentleg sektor for innbyggjarar og næringsliv. Prosjektet viser også korleis slike tenester kan overførast til andre regionar og integrerast i regionale utviklingstiltak. *GeoShare* vart ferdigstilt i 2005. Prosjektet KNOT i Interreg IIIC bygger på *GeoShare* og utviklar og testar kartbaserte internettenester for visualisering og samanknytning av kultur- og naturarvtenester i ni europeiske regionar. Deltakarane i prosjektet kjem frå Skåne og Halland i Sverige, Island, Isle of Man, Roscommon i Irland, Vordingborg i Danmark, Slovenia, Rogaland og Sogn og Fjordane. KNOT er ferdig i løpet av 2006.

Vestlandsforskning deltek også i EuroTravel-prosjektet i EU sitt eContent-program. EuroTravel utviklar og testar nye mobile kart og lokasjonsbaserte internettløysingar for bruksområde innanfor reiseliv og trafikk. Samarbeidspartnarane er TeleAtlas, Tyskland, Regiona Lombardia, WIND, NetXcalibur og RIEBES i Italia og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. EuroTravel blir ferdig i løpet av 2006. Vestlandsforskning har også ei sentral rolle i Interreg IIIC prosjektet *Enable*. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland, Sogn og Fjordane, Thüringen i Tyskland, Kärnten i Austerrike og Kaunas i Lithauen. Målet er å utvikle og teste nye instrument for stimulering av entreprenørskap og internasjonalisering. Prosjektet er ein såkalla "Regional Framework Operation", eit forsøk frå EU på å flytte ut store programsatsingar til regionane. *Enable* er eit av eit fåtal slike programsatsingar som er under gjennomføring, og programmet har no 21 bedriftsretta delprosjekt der næringsliv og organisasjonar frå dei involverte regionane utviklar sine eigne internasjonale prosjekt. *Enable* skal vere ferdig i første halvår 2007.

#### Verdiskaping 2010 – bedriftsutvikling gjennom brei medverknad (VS2010)

Vestlandsforskning har ansvaret for forskingsaktiviteten i VS2010-prosjektet i Sogn og Fjordane. VS2010 programmet og vårt prosjekt byggjer på og føreset eit samarbeid mellom partane i arbeidslivet; arbeidsgjevar (leiing) og arbeidstakar. Brei medverknad står sentralt både i endringsprosessane i bedriftene og i forskingsaktivitetane. Medverknad omfattar og ein partnerskap mellom LO, NHO, Innovasjon Norge og Forskningsrådet på nasjonalt nivå. På regionalt nivå deltek også fylkeskommunen i partnerskapen.

I regi av VS2010 Sogn og Fjordane har Vestlandsforskning i 2005 delteke aktivt i kartleggingsarbeid og endringsprosessar i industrikonsernet INC i Florø. Konsernet har fått støtte til eit forprosjekt gjennom Hovudavtalens fellestiltak, HF (LO-NHO). Eit større bedriftsutviklingsprosjekt er i løpet av 2005 formulert. Vitskapleg publisering på grunnlag av vår deltaking er undervegs i samarbeid med Arbeidsforskningsinstituttet (AFI). I september var Vestlandsforskning og INC vertskap for den nasjonale prosjektleiarsamlinga i VS2010 programmet. Tilbakemeldingane frå programsekretariatet på samlinga var gode, ikkje minst ut frå inntrykket som kom fram av samarbeidsrelasjonen mellom Vestlandsforskning og INC.

Vårt andre delprosjekt i VS2010 Sogn og Fjordane har vore konsentrert om endringsprosessane i reiselivsnæringane i Indre Sogn. Fokus har vore på utvikling av betre samarbeidsrelasjonar mellom store etablerte aktørar (overnatting og transport) og mindre nyetablerte aktørar (oppleving og aktivitet). Vestlandsforskning har gitt kunnskapsbidrag og vore prosessleiar. Området har fått stor publisitet gjennom National Geographic Travelers kåring av dei norske fjordane som beste reisemål i verda, og av UNESCO sitt vedtak om Vestlandsfjordane som Verdsarvområde (Nærøyfjorden og Geirangerfjorden). Også dette

delprosjektet er i gang med vitenskaplig publisering, og Innovasjon Norge Sogn og Fjordane har bidrege med økonomisk støtte.

### Hydrogen

Vi har gjennomført det første året av det 3-årige prosjektet "Providing hydrogen for transport in Norway: A social learning approach" for Norges forskningsråd. Det vert gjort gjennom programmet "Fremtidens rene energisystem" (RENERGI) i eit samarbeid med Institutt for tverrfaglige kulturstudier ved NTNU.

I prosjektet vert det utvikla systematisk kunnskap om ikkje-teknologiske tema knytt til barrierar på den eine sida og moglegheiter på den andre, som må handterast som ein del av implementeringa av hydrogen i transportsektoren. Arbeidet inneber utvikling av eit teoretisk rammeverk for å beskrive og analysere ikkje-teknologiske tema knytt til hydrogen for transport, basert på tidlegare forskning. Det vert gjennomført ei detaljert empirisk undersøking av det pågåande storskala demonstrasjonsprosjektet "Hydrogenveien i Norge" (HyNor). Studie av dette prosjektet gir tilgang til analyse av sosial læring frå slike demonstrasjonsforsøk. Basert på det teoretiske rammeverket og dei empiriske studia, vil det bli utført ein analyse av dei anvendte implementeringsstrategiane for overvinning av ikkje-teknologiske barrierar og utnytting av det potensialet som ligg i å gjere hydrogen til eit utbreidd drivstoff i transportsektoren.

## PUBLISERING

### VITSKAPLEGE ARTIKLAR MED REFEREE

#### Andersen, Otto

Transport Scenarios in a Company Strategy. *Business Strategy and the Environment* Utgjevar: Wiley InterScience - Vol 13, s. 43-61

#### Holden, Erling and Norland, IT.

Three challenges for the compact city as a sustainable urban form – Household consumption of energy and transport in eight residential areas in the Greater Oslo Region. *Urban Studies*, **42** (12): 1–21. (2005)

#### Holden, Erling

En rett og to vrange ... Tre teser om miljøholdninger og husholdningenes forbruk. *Sosiologisk tidskrift* **13**: 261-286 (2005)

#### Holden, Erling and Høyer, Karl Georg

The Ecological Footprints of Fuels. *Transportation Research Part D: Transport and Environment* **10** (5): 395-403. (2005)

#### Norland, I og Aall, C.

The use of the "ecological footprint" in local politics and administration: Results and implications from Norway. *Local Environment*, volum 10, no 2: 195-172

### VF-RAPPORTAR OG NOTAT

#### VF-Rapportar

1/05 Klimasårbarheit i bustadsektoren. Lokal sårbarheitskartlegging og klimatilpassing. Av Kyrre Groven

2/05 Nye LivsIT – Forslag til informasjonsstruktur for LivsIT. Av Svein Ølnes

3/05 "Nordisk Transportpolitisk Nettverk (NTN): Indikatorer for bærekraftig godstransport. Forslag til indikatorer for bruk innanfor regional forvaltning". Carlo Aall, Anders Langeland

## Årsmelding 2005 - Vestlandsforskning

---

4/05 Kartlegging av kunnskap i næringshagar og kompetansesestover i Sogn og Fjordane. Av Thor Andre Fløtre og Carlo Aall

5/05 Classifications, taxonomies and semantic. Av Terje Aaberge

6/05 Ungdomsbarometer for Sogn og Fjordane. Hogne Lerøy Sataøen

7/05 Kartlegging av reiseliv, gardsturisme, turguidning og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen/Mørkrisdalen. T. Grut og C. Aall

8/05 Broadband initiatives in Sogn og Fjordane,. Av Ingjerd Skogseid og Heather Broomfield

### VF-Notat

1/05 Følgeevaluering av nasjonale pilotprosjekter innen økologisk landbruk. Eivind Brendehaug

2/05 Evaluering av økologisk mat i Nord. Av Eivind Brendehaug

3/05 Ikke-teknologiske barrierer for hydrogen som energibærer i transport. Otto Andersen

4/05 INC Engineering Kartleggingskonferanse. Geir Strand og Ingjerd Skogseid. Ikkje off.

5/05: WIS kartleggingskonferanse 28.-29. januar 2005 Geir Strand. Ikkje off.

6/05: Dialogkonferanse Saga Fjordbase 1.-2. februar 2005. Geir Strand. Ikkje off.

7/05 Kartleggingsseminar med småskalabedrifter i reiselivet i Aurland. Av Eivind Brendehaug. Ikkje offentlig.

9/05 Å gjere Sognefjorden synleg på Internett. Tiltak og resultat 1. tertial 2005. Av Svein Ølnes

10/05 Brukarundersøking - Sognefjord – Svein

11/05 Ulikheter i tilbud til kreftpasienter i Helse Vest. Av Kristine Bærøe og Berit Bringedal (ikkje offentlig)

12/05 Tillitsvaldkonferanse INC Gruppen 14. og 15. april 2005. Ikkje offentlig. Geir Strand

13/05 Utgreiing om Sogn Jord- og hagebruksskule . Av Kyrre Groven og Eivind Brendehaug

14/05 Barrierer mot vindkraft. Av Marius Knagenhjelm og Hogne Lerøy Sataøen.

15/05 Ungdomsbarometer. Av Hogne Lerøy Sataøen

16/05 Tilgjengelegheit i statleg sektor. Av Svein Ølnes.

17/05 Å gjere Sognefjorden synleg på nett. Av Svein Ølnes

### ARTIKLAR I BØKER

#### Aall, C., Høyer, K.G.

Tourism and climate change adaptation - the Norwegian case. In Hall, C.M., Higham, J. 2005. I: *Tourism, Recreation and Climate Change*. London: Channelview Press: 209-223.

Sustainable Mobility and Sustainable Tourism. In Hall, C.M., Higham, J. 2005. I: *Tourism, Recreation and Climate Change*. London: Channelview Press: 260-273

### ARTIKLAR I TIDSSKRIFT

#### **Holden, Erling**

Bærekraftig mobilitet er mulig. I *Miljøjournalen*, nr. 12

Tre myter om hydrogen. *GassMagasinet* nr. 3/4 2005

#### **Holden, Erling og Norland, I. T.**

Tre utfordringer for "den kompakte byen". *Plan* 1/2005

#### **Aall, Carlo og Brendehaug, Eivind**

Kvalitetsturisme – hva er det? *Plan*, 3-4/2005: 44-52.

### RAPPORTAR UTGITT AV ANDRE

#### **Norland, I.T. and Holden, E.**

Consumption of energy and transport in urban households: The role of urban planning vs "green consumerism" in promoting sustainable consumption". In: *Proceedings Sustainable Consumption: The Contribution of research*. Rapport nr. 1/2005, Trondheim, NTNU

### PAPER OG KONFERANSEARTIKLAR

#### **Andersen, Otto**

Providing hydrogen for transport in Norway: A social learning approach. Proceedings 2nd European Hydrogen Energy Conference (abstract). Utgjevar: *European Hydrogen Association (EHA)*

22.-25. november, 2005, Zaragoza

Providing History of Alternative Transport Fuels. The Case of a Hydrogen Economy on Iceland Proceedings History and Sustainability 3<sup>rd</sup> International Conference (abstract). *European Society for Environmental History (ESEH)*. 16.-19. februar 2005, Firenze

#### **Brendehaug, Eivind**

The precautionary principle – history and development. *The third International conference of The European Society for Environmental History*. Florence, 16.-19. February 2005

Berekraftig nyskaping i reiselivet, caset Aurland. *Konferansen Høgskole og samfunn i samhandling*. Tønsberg, 1.-3. juni 2005

Business Strategies influence on supply, demand and market development of organic food in the Nordic countries. Konferansen *Organic farming for a new millennium – status and future challenges*. Arr.: Nordic Association of Agricultural Scientists. 15.-17. juni 2005, Alnarp, Sweden

#### **Holden, Erling**

Attitudes and sustainable household consumption – Household consumption of energy and transport in eight Norwegian Residential areas. *The European Network of Housing Research (ENHR) International Housing Conference 2005*. Reykjavik, Island, 29. June– 3. July

Veier til bærekraftig mobilitet. *Transportforum 2005*. 12.-13. januar 2005, Linköping

#### **Norland, I.T., Holden, E. and Lafferty W.**

Consumption of energy and transport in urban households: The role of urban planning vs. "green consumerism" in promoting sustainable consumption. *Sustainable Consumption: The Contribution of Research Workshop*, 10-12 February 2005, Gabels Hus, Oslo

#### **Skogseid, Ingjerd og Hanseth, Ole**

Market driven development of broadband infrastructure in rural areas. Artikkel i samband med IRIS 28 "Reaching out" conference. Utgitt av *Agder University College*. 6.-9. august 2005

Local actors build broadband infrastructure. Artikkel i samband med ECIS 2005 Regensburg, 13th European Conference on Information Systems. Utgjevar *Institute for Management of Information Systems University of Regensburg, Germany*

### **Strand, Geir**

"Ofte veit dei som inne sit, lite kva folk som kan fara". Paper til HSS05 Tønsberg. 1.-3.6.05. Arr. *Høgskolen i Vestfold*

### **Aall, Carlo**

Environmental impact of leisure consumption. Some methodological reflections. Presented at a meeting with the Nordic research network on sustainable consumption. Copenhagen, 19th – 21th of January 2005.

The "ups" and "downs" in the history of local environmental policy in Norway. Paper presented at the *third International conference of the European Society for Environmental History (ESEH): "History and sustainability"*. February 16-19, 2005, Florence, Italy

Hvordan utvikle bærekraftige godstransportløsninger. Presentasjon av et system for regionale bærekraftige indikatorer for godstransport. Paper presentert under *Trafikdage på Aalborg Universitet, Aalborg 21.-22. august 2005*.

The Concept of Indicators. Paper presented at a seminar within the EU project Capacity building to enable the incorporation of urban sustainability parameters in spatial urban development and planning policy practices through the use of indicators (URBANGUARD). Nicosia, Cyprus, 8 – 9 August.

Examples of Local Level Sustainable Development Indicators. Paper presented at a seminar within the EU project Capacity building to enable the incorporation of urban sustainability parameters in spatial urban development and planning policy practices through the use of indicators (URBANGUARD). Nicosia, Cyprus, 8 – 9 August.

### **FOREDRAG/UNDERVISNING:**

#### **Andersen, Otto**

History of Alternative Transport Fuels. The Case of a Hydrogen Economy on Iceland: History and Sustainability 3<sup>rd</sup> International Conference. Arrangør: European Society for Environmental History (ESEH). 16.-19. februar 2005, Firenze

Providing hydrogen for transport in Norway: A social learning approach. Seminar/kurs o.l.: 2nd European Hydrogen Energy Conference. Arrangør: European Hydrogen Association (EHA) 22.-25. november, 2005, Zaragoza

Providing hydrogen for transport in Norway: A social learning approach. NTN Hydrogen Link workshop 2. Arrangør: Nordisk Transportpolitisk Nettverk (NTN) / Hydrogen Link. 9. september, 2005, Aalborg Universitet

Providing hydrogen for transport in Norway: A social learning approach. European Conference on Sustainable transport. Arrangør: Nordisk Transportpolitisk Nettverk (NTN) / North Sea Commission Transport Group. 31. mai – 1. juni, 2005, Kristiansand

#### **Brendehaug, Eivind**

Samarbeid mellom småskala og storskala bedrifter om aktivitet og opplevingstilbod. Seminar arr. Av Vestlandsforskning, Samarbeid om marknadsføring i reiselivet. Aurland, 05.09.05

Mellom produksjon og forbruk: Betydningen av matvareindustriens strategier for den økologiske markedsutviklingen. Prosjektledersamling arrangert av Statens Landbruksforvaltning, 09.11.05

### **Brendehaug, Eivind og Aall, Carlo**

Aukande motsetnader eller felles mål – strategival for reiselivsutviklinga i Aurland. Seminar: Samarbeid om marknadsføring i reiselivet. 02.12.05, Flåm

### **Groven, Kyrre**

Klimasårbarheit og bustader – eksempelet Flora. Innlegg under seminaret "Bustadbygging i eit endra klima" arr. av Flora kommune, Florø Industri- og Næringsforening og Vestlandsforskning. Florø, 10.5.05

### **Grøtte, Ivar Petter**

Mobile internet - status and potential Norway, EuroTravel project meeting, Luxemburg, 25.01.05 januar

Strategisk IT-samarbeid og internasjonale IT-prosjekt, styremøte NHO S&Fj, Sogndal, 24.02.05

Administrasjon av EU prosjekt, Enable prosjektmøte, Voss, 06.04.05

Strategiar og resultat for regionale breibandsatsingar i S&Fj, Høykom-programstyremøte, Leikanger, 13.04.05

Utstilling om Interreg IIIB GeoShare-prosjektet, Konferanse om regional utvikling i Europa, Ålesund, 10.-11.05.05

GIS services for cultural and natural heritage, Interreg IIIC KNOT project meeting, Roscommon, Irland, 25.05.05

Utstilling om Interreg IIIB GeoShare-prosjektet, North Sea Commission Annual Conference, Zeeland, Nederland, 15.-16.06.05

IT-forum Sogn og Fjordane, strategiar og resultat, møte med næringsliv og organisasjonar i Sunnfjord, Førde, 03.11.05

Spesifikasjon av mobile lokasjonsbaserte tenester, EuroTravel project meeting, Hildesheim, Tyskland, 15.-16.12.05

### **Holden, Erling**

Sustainable Mobility. The role of technology, attitudes, and land-use planning. Seminar på Oxford Institute for Sustainable Development. Oxford Brookes University. Oxford, 3.11.05

Ikke-teknologiske barrierer (og muligheter). Foredrag for Styringsgruppen i HyNor, Stor-Oslo. Oslo, 10.06.05

Bærekraftig mobilitet. SIB 8010 Transportanalyse. Trondheim, Institutt for bygg, anlegg og transport, NTNU, 28.04.05

### **Hove, Nils Arne og Myrvang, Håvard**

Demonstrasjon av personlege navigeringstenester og mobilt internett. IT-Forum 2005, Loen, 5.-6. oktober

### **Landstad, Agnes**

Presentasjon av VF sine forskingsområde og internasjonalt forskingssamarbeid, møte med EU-ambassadøren m/følgje, Sogndal, 17.08.05

Innlegg om FoUmiljøa si rolle i innovasjonsarbeid i Sogn og Fjordane. 25.08.05

Møte med Forskningsrådet, S&Fj. Fylkeskommune, Fylkesmannen i S&Fj, NHO, LO, IN S&Fj, KS S&Fj mv om innovasjonstiltak i Sogn og Fjordane

Foredrag om VF og strategisk reiselivsforskning, Møte med Fornyingsminister Heidi Grande Røys og fylkestyret for SV, 19.11.05

Foredrag om FoU-miljøa si rolle i regional næringsutvikling og innovasjon, Møte Partnership of Northern Scotland and Sogn og Fjordane, 05.12.05

Foredrag om VF si rolle i regional næringsutvikling og innovasjon, Styremøte i Innovasjon Norge Sogn og Fjordane, 06.12.05

### **Larsen, Øyvind Heimset**

Informasjon om kompetansemeklarprosjektet. Besøk i fem næringshagar; Stryn næringshage, Nordfjord næringshage, Sandane næringshage, Leikanger næringshage og Gaular næringshage, april 2005

### **Skogseid, Ingjerd**

Local actors build broadband infrastructure. ECIS 2005, Regensburg. 13th European Conference on Information Systems. Regensburg, 26.05.05

BookTownTrail – Opportunities for funding from the EU. Generell Assembly for the International Organisation of Book Towns. Bredevoort, Nederland, 7.- 8.10.05

CRAFT og andre SMB-tiltak i EU's 6. rammeprogram – Kva har norske bedrifter å hente? Frokostmøte Sunnfjord 2020. Florø, 26.04.05

Kompetansemegling i Sogn og Fjordane. Omstilling og internasjonalisering. Innovasjonstiltak i Sogn og Fjordane, arr. av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Leikanger, 25.08.05

### **Strand, Geir**

Høykom – status og planar. Styremøte SYS IKT. Førde, 22.02.05

Breiband i Sogn og Fjordane. Informasjonsmøte om breiband. Arr. Fjærland bygdelag/Sogndal kommune. Fjærland, 01.03.05

Integrerte kommunale tenesteportalar. Møte i geodatautvalet i Sogn og Fjordane. Leikanger, 28.04.05

Breiband i Sogn og Fjordane. Informasjonsmøte om breiband. Hyen utviklingslag/Gloppen kommune. Hyen, 08.09.05

Samordna IKT-prosjekt i Sogn og Fjordane – status og planar. Arr. Sogn regionråd. Flåm, 20.09.05

Skulenett Sogn og Fjordane – status og planar. Prosjektleiarsamling arr. av Norges forskningsråd/Høykom. Oslo, 16.11.05

Statusrapport DAA-midlar til breiband. Arr. DAA fondsstyret. Førde, 12.12.05

Forprosjekt helse, kommunar og IKT, status og planar. Arr. Sogn regionråd. Rådmannsmøte. Balestrand, 14.12.05

### **Ølnes, Svein**

Evaluering av LivsIT. Oppstartsmøte, Leikanger, 01.03.05

Ny informasjonsstruktur for LivsIT. Arr. Norge.no, 13.09.05

### **Aall, Carlo**

Reiseliv og miljø. Ulike formar for miljøvenleg reiseliv. Førellesning i kurset Landskapsplanlegging (PL 411) ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, 10.03.05

Vurdering av klimasårbarheit i bustadplanlegging. nnlegg under seminaret "Bustadbygging i eit endra klima" arr. av Flora kommune, Florø Industri- og Næringsforening og Vestlandsforskning. Florø, 10.05.05

Med kunnskap skal bruk og vern sameinast!. Innlegg til møte i arbeidsgruppa i fylkesplanen for småskala samfunnsutvikling. Hermansverk 24.05.05.

The challenge of combining transportation and sustainable development. Presentation made at the European Conference on Sustainable goods and passenger Transport, 31 May – 01 June, Kristiansand.

Berekraftig utvikling: Korleis kan naturvern bli ein ressurs for distrikta? Innlegg under seminaret "Naturbruksprosjektet i Sogn og Fjordane: Kan naturvern bli ein ressurs i distriktpolitikken?" Jostedal, 15-16 juni 2005 arrangert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Program- og reformperioden i den lokale miljøpolitikken. Innlegg under dialogkonferanse "Lokal Agenda 21 i Norge. Så mye hadde vi –så mye ga vi bort –så mye har vi igjen", Leikanger, 22. - 23. juni 2005.

Vurdering av lokal klimasårbarhet. Eksempel frå Flora kommune. Foredrag på eit interdepartementalt seminar om tilpassing til klimaendringar. Arrangert av Miljøverndepartementet, Oslo 31.08.05

Klimatilpassing – ei beredskapsutfordring. Innlegg på eit orienteringsmøte med fylkesmannen si beredskapsavdeling i Sogn og Fjordane. Leikanger, 06.12.05

### **Aaberge, Terje**

Classifications, taxonomies and semantic. Konferanse om kunnskapsindustri arrangert av OLF, 07.05.06

Synelege vevtenester. Kurs i e-handel ved Høgskolen i Sogn og Fjordane, Sogndal, 25.04.05

Kurs i bruk av publiseringsverktøy. For reiselivsbedrifter i Sogn, januar 2005

### **KRONIKKAR/INTERVJU**

#### **Groven, Kyrre og Brendehaug, Eivind**

Internasjonal harmonisering endrar KSL. Kronikk i *Nationen*, 15.07.05

#### **Holden, Erling**

Den tredje vei. *Sogn Avis*, 11.01.05

Tre myter om hydrogen, *Adresseavisen*, 22.02.05

Tenk om alle bodde i Oslo. *Forskning.no*, 31.03.05

Tre myter om hydrogen. *forskning.no*, 18.04.05

Kunsten å dele en pizza, *Dagbladet*, 22.11.05

#### **Knagenhjelm, Marius og Sataøen, Hogne Lerøy**

Om Ungdom og etablering, fylket og framtida, Kronikk i *Firda*

#### **Aall, Carlo**

Alle snakker om været, men ingen gjør noe med det. Kronikk i *Nationen*, 13.01.05.

Ideologisk entrepenørskap. Kortkronikk i *Dagbladet*, 17.06.05.

### **VERV/SENSUR/RETTLEIING**

Medlem i nasjonale og internasjonale Komitéer/Forum/Nettverk

#### **Andersen, Otto**

Medlem i organisasjonskomiteen "Materials and Processing" for 1'st Electronics Systemintegration Technology Conference som avholdes i Dresden 5.-7. september 2006

#### **Haugen, Oluf**

Sensor i faget IKT i reiselivet – behov og brukervennlighet. Høgskolen i Lillehammer

**Holden, Erling**

Associate Editor of *International Journal of Alternative Propulsion* (InderScience Publishers)  
Referee for: *Urban Studies* and *Journal of Housing and the Built Environment*

**Skogseid, Ingjerd**

Medlem i Sogn og Fjordane fylkeskommune si Fylkesplangruppe for industri  
Medlem i styret til IKT-Voss – ei faggruppe i Dataforeningen Bergen og Hordaland  
Medlem i styret til Vossforum som arbeider med å fremja næringslivsinteresser og ideelle aktivitetar i Vossaregionen

**Strand, Geir**

Styremedlem Dataforeningen Nordvestlandet

**Ølnes, Svein**

Medlem av e-norge-forum – oppnemnd av Moderniseringsdepartementet

## ÅRSRAPPORT FRÅ IKT-GRUPPA

### Forskningsområdet

Gruppe for bruksretta informasjonsteknologi legg vekt på å setje informasjonsteknologien inn i nye samanhengar, tilpasse og vidareutvikle system og utvikle nye løysingar der det finst spesielle behov. Analysar, praktisk retta eksperiment og evaluering av samhandling mellom brukarar og ulike informasjons- og telekommunikasjonsløysingar (IKT) er sentrale arbeidsmetodar for slik kunnskapsproduksjon. Forskningsaktiviteten er særleg retta mot IKT i små og mellomstore bedrifter (SMB) og IKT i regional og lokal forvaltning. Begge områda er breitt samansette og har sterk regional forankring. I tillegg til god lokal forankring har forskningsområdet også fofeste nasjonalt, og fleire av forskarane er deltakarar i nasjonale fora og initiativ.

Forskningsområdet har lenge hatt ein sterk internasjonal forankring gjennom prosjekt finansiert gjennom ulike EU-samarbeid. Samstundes har utprøvingarenaen vore lokalt og regionalt. Forskningsområdet har dei siste åra i stadig sterkare grad fått nasjonal betydning gjennom sentrale oppdrag både frå forvaltninga og Forskningsrådet.

IT-gruppa slutførde i 2004 første del av det strategiske instituttprogrammet (SIP) *E-handel og IKT-basert samarbeid*. Forskningsrådet innvilga mot slutten av 2004 to nye påbyggingsår til programmet, noko som gir oss pusterom for arbeid med fleire publikasjonar og bidrag til internasjonale konferansar. SIP-en blir også nytta til å utvida kompetansefeltet på området og gå djupare inn i relevant litteratur.

### Aktivitet

Aktiviteten i 2005 kan stikkordsmessig summerast opp på denne måten:

- Kommunal tenesteutbygging på nett, infrastruktur og digitale kart gjennom stort Høykom-prosjekt
- Reiseliv og IT gjennom prosjektet *Sognefjord.no*
- Nyskaping gjennom prosjekta *VS2010* og *Enable/MOBI*
- Kompetanseheving på området *semantisk internett* gjennom arbeid med teknologien *emnekart* i fleire prosjekt

Ved utgangen av året var det 11 personar knytt til gruppa med ein samla forskarinnsats på rundt 10 årsverk. Ein av forskarane ved gruppa er i ferd med å avslutta doktorgradsutdanning.

### Personale

Heather Broomfield, BA, prosjektkoordinator  
Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar, cand.scient.  
Nils Arne Hove, systemutviklar, ingeniør  
Oluf Haugen, systemutviklar/designer, MIT  
Øyvind Heimset Larsen, forskar III, siv.ing.  
Håvard Myrvang, IT-ansvarleg, Cand. Mag.  
Ingjerd Skogseid, forskar III, M.Sc.  
Geir Strand, forskar III, Master i samf.planlegging  
Svein Ølnes, gruppeleiar, forskar III, cand.agric.  
Terje Aaberge, forskar II, dr.és sc.

I bistilling:

Arild Jansen, dr. scient, Universitetet i Oslo – institutt for forvaltningsinformatikk

### Prosjekt

IT-forum. [www.it-forum.no](http://www.it-forum.no)

Euro Info. EU-kommisjonen. [www.eicvest.no](http://www.eicvest.no)

Kvalitetsvurdering av offentlege vevtenester 2005. norge.no [www.norge.no/kvalitet](http://www.norge.no/kvalitet)

## Årsmelding 2005 - Vestlandsforskning

---

GeoShare. Interreg IIIB Nordsjøprogrammet og Sogn og Fjordane fylkeskom.  
[www.geoshare.net](http://www.geoshare.net)

Breibandforum. Sogn og Fjordane fylkeskommune/ IT-forum Sogn og Fjordane. [www.it-forum.no/bbf](http://www.it-forum.no/bbf)

E-handel og IKT-basert samarbeid. Strategisk Instituttprogram, Norges forskningsråd

Enable- Enabling Entrepreneurship, Hordaland og Sogn & Fj fylkeskommunar

Skulenett Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Verdiskaping 2010, Noregs forskningsråd

Sognefjord.no, RBL på vegne av styringsgruppa for BIT reiseliv og hotellgruppa i Sogn

Høykom distrikt, Sogn og Fjordane fylkeskommune/Norges forskningsråd

Oppsummering av status for standardisering i BIT reiseliv. RBL

Kompetansemegling. Sogn og Fjordane fylkeskommune/Norges forskningsråd

Classifications, taxonomies and semantic, Oljeindustriens Landsforening

Integrerte kommunale tenesteportalar, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nye LivsIT, norge.no

Emnekart og eServicetorg Numedal

Breiband Søre Sunnmøte, Søre Sunnmøre regionråd

Forprosjekt – kommunar, helse og ikt, Høyanger kommune

Evaluering av helseprosjekt, Sosial- og helsedirektoratet

Undersøking om tilgjengelegheit i statleg sektor, norge.no

## ÅRSRAPPORT FRÅ MILJØ- OG SAMFUNNSGRUPPA

### Forskningsområdet

Miljø- og samfunnsgruppa arbeider innafor fire hovudområde: Berekraftig utvikling, transport og miljø, lokal klima- og miljøpolitikk og nyskaping og omstilling i offentleg og privat verksemd.

Omgrepet *berekraftig utvikling* har vore i fokus i arbeid ved gruppa heilt sidan starten. Det gjeld spørsmålet om korleis ein kan forstå *omgrepet*, korleis ein kan nytte omgrepet som grunnlag for å *evaluere* privat og offentlig verksemd, korleis omgrepet kan danne utgangspunkt for ulike former for *utviklingsprosessar* og kva for implikasjonar det kan ha for *den enkelte* om samfunnet skulle følgje målet om ei berekraftig utvikling. Fleire av prosjekta har tatt utgangspunkt i de spesielle utfordringane berekrafttematikken medfører for *distrikts-Norge*. Sentralt i denne delen av arbeidet ved gruppa har vært ei nær faglig dialog gjennom fleire år med Program for forskning og utredning for eit berekraftig samfunn ([ProSus](#)) ved Universitetet i Oslo.

Gruppa har *transport og miljø* som spissområde. Det vert arbeidd både med metodeutvikling og konkrete analysar av energi- og miljøkarakteristika for ulike transportmiddel. Området omfattar også grunnleggjande forskning kring forholdet mellom mobilitet og miljø og forskning og utvikling innafor alternative drivstoff. Gruppa har også strategisk instituttprogram om bruken av hydrogen som energibærer i transportsektoren. Viktige samarbeidspartnarar på dette området er [Norsk Hydro](#), Oslo Sporveier, [Norsk teknisk naturvitenskapelige universitet](#), [Universitetet i Aalborg](#) og [Oxford Brookes University](#).

*Lokal klima- og miljøpolitikk* er det tredje området som har vore med heilt frå starten. Prosjekta har retta seg inn mot ulike aspekt ved kommunal og fylkeskommunal miljøpolitikk, men der hovudfokus heile tida har vore retta mot dei spesielle utfordringane som knyter seg til målet om ei berekraftig utvikling og med ein særleg fokus på Lokal og Regional Agenda 21. Til dette forskningsområdet har det vore knytt eit strategisk instituttprogram om kommunal miljøpolitikk og Lokal Agenda 21. I dei siste åra har *klimapolitikk* og *klimatilpassing* blitt knytt til dette forskningsområdet. Viktige samarbeidspartnarar hor vore [ProSus](#) og Senter for klimaforskning ved Universitetet i Oslo ([CICERO](#)). I 2005 blei det også etablert eit samarbeid med [Husbanken](#), [Norsk Polarinstitutt](#) og [Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap](#) (DSB) innafor området klimatilpassing.

I den seinare tida har *nyskaping og omstilling i offentleg og privat verksemd* etablert seg som et fjerde hovudområde, med særleg vekt på reiseliv og primærnæringane. Gruppa utførar evalueringar innan temaet, m.a. er kvalitetssystem i landbruket og utviklingstiltak innan økologisk landbruk analysert på oppdrag av Statens Landbruksforvaltning. Vestlandsforskning deltek og i Norges Forskningsråd sitt program [Verdiskaping 2010](#) der vi har ansvaret for forskningsaktiviteten i Sogn og Fjordane. Arbeidet skjer i tette dialog med LO og NHO Sogn og Fjordane, fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Til dette området høyrer også studiar av omstillingar innafor offentleg verksemd, m.a. knytt til spørsmålet om kommunesamanslåing der gruppa har samarbeidd tett med [Møreforskning Volda](#).

I 2005 var det tilsett åtte forskarar ved miljø- og samfunnsgruppa. Ein av forskarane har for tida ei 20 prosent stilling i samband med oppstart av eit post-doc studium ved Noregs Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet i Trondheim, medan ein av forskarane held på med eit doktorgradsstudium ved same universitet.

### Personale

Otto Andersen, forskar II, Ph.D..

Eivind Brendehaug, forskar III, cand.agric.

Thor-André Fløtre, forskar III, cand. agric. Permisjon frå 1.5.05

Kyrre Groven, forskar III, cand.philol.

Erling Holden, forskar II, Dr.ing. 40 % stilling

Karl Georg Høyer, professor i miljøplanlegging, forskingsleiar til 1.10.05

Marius Knagenhjelm, forskingsassistent

Gard Lindseth, stipendiat, cand.polit.

Hogne Lerøy Sataøen, trainee, frå 01.09.05  
Jan Erik Weinbach, trainee, frå 01.09.05  
Carlo Aall, forskar II, Ph.D. gruppeleiar

### Prosjekt

Lokal klima- og energiplanlegging, Noregs forskningsråd

Systemer for implementering av hydrogenenergi i transportsektoren, Strategisk instituttprogram, Noregs forskningsråd

Føre var og bioteknologi, Noregs forskningsråd

Evaluering av kvalitetssystem i landbruket. Statens Landbruksforvaltning

Nordisk transportpolitisk Nettverk, Utvikling av bærekraftige transportløsninger i korridoren, Nordjyllands Amt

Vurdering av klimasårbarhet i boligplanlegging. Husbanken

Bok om LA21-arbeidet i Noreg. ProSus

Utprøving av "Gult kort" som tiltak for å redusere sjukefråvær i arbeidslivet. Fylkestrygdekontoret i Sogn og Fjordane

Expanding the use of biofuels in Northern Periphery. Interreg IIIB Nordlig Periferi

HyWays – The Development and Detailed Evaluation of a Harmonised "European Hydrogen Energy Roadmap". EU-kommisjonen

Ungdomsbarometer i Sogn og Fjordane, Sparebanken Sogn og Fjordane

Kartlegging av omfanget av reiseliv, gardsturisme, turguidning og friluftsliv knytt til Breheimen/Mørkrisdalen, Fylkesmannen i Oppland

Miljømessige aspekter av fritidsforbruket. En teoretisk drøfting, empirisk analyse og normativ diskusjon av det moderne fritidsforbruket, Noregs forskningsråd

Evaluering av kompetansestover og næringshagar i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Innovasjon Norge

Providing hydrogen for transport in Norway – A social learning approach, Noregs forskningsråd

Prosesshjelp for betre samarbeid i reiselivet i indre Sogn med fokus på caset Aurland, Innovasjon Norge

Euromontana II, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Utgreiing om Sogn Jord- og hagebruksskule, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Barrierer for vindkraft – en analyse av holdningar i lokalbefolkninga, Hydro

Biodiesel fra animalsk Fett, Milvenn AS

Regional klimasårbarhetsanalyse for Nord-Norge, Norsk Polarinstitutt

Utarbeidelse av samfunnsregnskap for året 2005 for Oslo Sporveier, Oslo Sporveier

Oppdatering av "Transport, miljø og kostnader" kalkulator, NSB

VS2010 – Nettverk som næringsutviklande kraft i Sogn og Fjordane, Noregs forskningsråd